

Har neppe vore så lite snø på fjellet i februar nokon gong.

01.03.2019



Det har neppe vore så lite snø på fjellet i februar måned som i år.

Folk som går fast i fjellet i Uskedalen, kan ikkje minnst at det har vore så lite snø nokon gong i februar måned. Knut Inge Eidsvik har vore med i fjellet kring Uskedalen frå han var liten gut. I vaksen alder har han vore ein ivrig fjellmann, på jakt, på ski og på lange turar til fots. Han har aldri opplevd ein vinter med så lite snø kring Mannsvatn og på Hauglandsfjellet.

Mars kan vera ein snømånad, men grunnlaget manglar. Utan ein såle vil neppe snøen i mars måned liggja særleg lenge. Ein sikker snøplass har alltid vore Botnane og innover mot Gråfjell. Sjølv ikkje her er det mykje å syna til. På Mannsvatn og Stølsvatn ligg det tynn is og sørpe.

Med sein påske i år vert det neppe snø for skigåing på fjella kring Mannsvatn.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Knut Inge Eidsvik



Innover Hauglandsfjellet mot Gråfjell er det vanskeleg å ta seg fram på ski.